

## Lesetekst nr 1.

Det står skrevet hos profeten Ezekiel kapittel 34, vers 23-31

23 Jeg vil sette én gjeter over dem, og han skal gjete dem, min tjener David, han skal gjete dem, han skal være deres gjeter.<sup>24</sup> Jeg, Herren, skal være deres Gud, og min tjener David skal være fyrste blant dem. Jeg, Herren, har talt.

25 Jeg slutter en fredspakt med dem. Jeg utrydder villdyrene i landet, så folk kan bo trygt i ørkenen og sove i skogene.<sup>26</sup> Jeg velsigner dem og landet omkring min høyde. Jeg lar regnet falle i rett tid, regn til velsignelse skal det være.<sup>27</sup> Trærne på marken skal bære frukt, jorden skal gi sin grøde, og folk skal bo trygt i sitt land. De skal kjenne at jeg er Herren når jeg bryter stengene på åket deres og berger dem fra slavedriverne.<sup>28</sup> De skal ikke lenger være et bytte for folkeslagene, og villdyrene skal ikke ete dem. De skal bo trygt, og ingen skal skremme dem.

29 Jeg lar planter vokse opp som det går gjetord om, ingen i landet skal lenger rives bort av sult. Aldri mer må de tåle spott fra folkeslagene.<sup>30</sup> De skal kjenne at jeg, Herren deres Gud, er med dem, og at de er mitt folk, Israels hus, sier Herren Gud.<sup>31</sup> Dere er sauene mine, flokken som jeg gjeter. Dere er mennesker, jeg er deres Gud, sier Herren Gud.

## Lesetekst nr 2

Det står skrevet i brevet til Hebreerne kapittel 13, vers 20-21

20 Fredens Gud, han som i kraft av en evig pakts blod førte den store hyrden for sauene, vår Herre Jesus Kristus, opp fra de døde,<sup>21</sup> må han utruste dere med alt godt, så dere gjør hans vilje. Ja, måtte han ved Jesus Kristus skape i oss det som er godt i hans øyne. Ham være ære i all evighet! Amen.

## Prekentekest

Det står skrevet i evangeliet etter johannes kapittel 10 vers 1-10

1 «Sannelig, sannelig, jeg sier dere: Den som ikke går inn til saueflokken gjennom porten, men klatrer over et annet sted, han er en tyv og en røver.<sup>2</sup> Men den som kommer inn gjennom porten, er gjeter for sauene.<sup>3</sup> Portvokteren åpner for ham, og sauene hører stemmen hans. Han kaller sine egne sauer ved navn og fører dem ut.<sup>4</sup> Og når han har fått ut alle sine, går han foran dem, og sauene følger ham, for de kjenner stemmen hans.<sup>5</sup> Men en fremmed følger de ikke. De flykter fra ham fordi de ikke kjenner den fremmedes stemme.»<sup>6</sup> Denne lignelsen fortalte Jesus, men de skjønnte ikke hva han mente.

7 Da sa Jesus: «Sannelig, sannelig, jeg sier dere: Jeg er porten inn til sauene.<sup>8</sup> Alle de som er kommet før meg, er tyver og røvere, men sauene har ikke hørt på dem.<sup>9</sup> Jeg er porten. Den som går inn gjennom meg, skal bli

freist og fritt gå inn og ut og finne beite.<sup>10</sup> Tyven kommer bare for å stjele, drepe og ødelegge. Jeg er kommet for at dere skal ha liv og overflod.

Joh 10,1-10

Innledende tale før fortellingen.

Kjære sauer så flott en bønn vi hørte lest opp hær\* «må han utruste dere med alt godt, så dere gjør hans vilje.

Ja, måtte han ved Jesus Kristus skape i oss det som er godt i hans øyne.»\*

Så fikk vi nettopp høre om han som e kommet får å føre oss til liv og overflod\* Han som vil oss godt!

Så er det da opp til oss saua og følge etter\* Det er ikke så lett alltid\* Men jeg tenkte jeg kunne fortelle en historie som viser det \* Det handler om ei jente som blir drevet til følge Jesus ved at ho ser kor velsigna ho e sjøl\*

\*Plastpose med kronestykke\*

# Plastpose med kronestykke

Tekst: Oskar Stein Bjørlykke  
Illustrasjon: Kari Sortland

Inger stod og venta ved lyskrysset. Det var der ho skulle stå. Det hadde mor hennar sagt. Og så skulle mor kome og møte henne. Det ville ikkje ta så lang tid. Berre nokre minuttar. Kanskje litt meir, men ikkje så veldig lenge.

Inger smaug handa si ned i lomma. Der kjende ho plastposen. Den blanke, vesle plastposen med kronestykka. Det var alt ho hadde tent denne veka. Det var ikkje så mange kroner. Men ho hadde fått dei for å hjelpe til heime. Hadde gjort forskjellige småjobbar. Hadde rydda, tørka støv. Gått ærend hadde ho også gjort. Brått kjende ho det i munnen. Ein smak. Det var denne gode smaken av sjokoladetoppar. Slike runde, med gele inni. Det var det ho skulle kjøpe for pengane. Det hadde ho bestemt. Laurdagsgodter skulle det vere. For det var laurdag denne dagen. Og til i

kveld ville ho ha sjokoladetoppar. Det var ein så god smak på dei. Syrleg og søt på same tid.

Men kom ikkje mor snart? Inger såg nedover. Mor skulle jo vere rask. Men det tok visst tid, dette. Allfor lang tid. Inger vart nesten redd der ho stod. Ho snudde seg rundt fleire gonger. Såg nedover og oppover.

Så tok ho til å tenkje. Kunne det ha skjedd noko? Kunne det ha hendt noko forferdeleg? Hjartet banka fort i henne. Ho vart av og til så redd for slikt. Åh, nei. Det skulle ikkje vere sant. Det sa ho til seg sjølv. Det var berre ein time sidan ho og mor sat og snakka saman ved frukostbordet. Slik roleg og god prat. Dei snakka om Gud. At Gud ville vi skulle hjelpe kvarandre. For Gud kom til oss, med hjelp. Og då skulle vi hjelpe dei som trong det. Det sa mor.

Men dei vonde tankane var der. Dei fór gjennom hovudet på Inger. Ho såg hit og dit. Stirte. Kom ikkje mor snart? No skulle ho ha vore her.

Inger vart med eitt redd og fortvila. Ho hadde lyst til å rope. Og springe. Men ho kunne ikkje det heller. Ho måtte stå der til mor kom. Det hadde ho sagt. Det var like før Inger ville ta til å gråte.

Då kom mor. Inger såg henne. Nede i stimmelen av folk. Ho såg den raude jakka som ho kjende så godt. Den gode jakka til mor, som no nesten lyste der nede. Inger gjorde eit hopp og laga ein smattelyd med tunga. Tha-tha. Så glad vart ho.

Ho såg ansiktet til mor. Vinka til henne og sprang henne i møte.

- Du kom jo nesten ikkje.
- Jo, eg kom da, sa mor.

Det var laurdag og travelt på torget.

Fullt av folk var det. Og alle dreiv med sitt. Nokre gamle sat på ein benk og prata. Også den gamle som Inger likte så godt. Han med det rolege og gode andletet. Han smilte. Nokre var opptekne med utlodding. Ein stod og selde ballongar. Han heldt mange ballongar opp i lufta. Ved eit bord dreiv dei på med innsamling. Det hadde dei gjort mange dagar. Det var til menneske som ikkje hadde mat, og som hadde det vondt. På bordet var det eit bilete av ein gut med store auge, som berre såg og såg. Og så var det ei korg der, til å ha pengar i.

Inger tok handa i lomma. Ho kjende på plastposen. Det var ein tanke som kom i hovudet hennar. Noko som ho ville gjere.

- Mor, sa ho.

- Ja, svarte mor. Men Inger sa ikkje noko meir. Ho berre sprang bort til korga. Så tok ho handa opp av lomma. Ho hadde noko i neven. Noko blankt som ho opna. Så strødde ho kronestykka ned i korga.